



## **REFERAT frå Kviteseid Sokneråd**

Torsdag, 2. mai 2024, kl. 18.00-20.15  
på kommunehuset

**Innkalla:** Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Dag Harald Undheim (fungerande sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant) 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid

**Meldt forfall:** Dag Harald Undheim (fungerande sokneprest)

Innkallinga vart òg sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.). som vart oppmoda til å vere med.

Opningsord ved prost Asgeir Sele

Beverting ved Marit Sørby

Oversikt over saker:

<b>SR-sak 19.24 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>
<b>SR-sak 20.24 FR</b>	<b>Referat frå AU 18.04 (til orientering)</b>
<b>SR-sak 21.24 FR</b>	<b>Revidering av samla plan for soknet</b>
<b>SR-sak 22.24 SR</b>	<b>Delegeringsreglement</b>
<b>SR-sak 23.24 SR</b>	<b>Eventuelt</b>

<b>SR-sak 19.24 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>MS</b>
<p>Innkallinga til dette møtet vert send ut på e-post 24.04.2024 til</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd</li><li>• revisor og prost til orientering.</li></ul> <p>Merknader til innkalling eller saksliste? Eventuelt?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p> <p>Marit Sørby melde to saker til Eventuelt.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p>		

SR-sak 20.24 FR	Referat frå AU 18.04 (til orientering)	MS
<p>Referatet eller saker frå AU blir ikkje handsama under dette møtet, men må i tilfelle takast opp på seinare møte i SR.</p> <p><b>Vedlegg:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Referat frå AU1 2024.04.18</i></li> <li>• <i>Revisjonsmelding Kviteseid sokn</i></li> <li>• <i>Referat TU 2024.03.12</i></li> <li>• <i>KU referat 2024.03.12</i></li> </ul>		
SR-sak 21.24 FR	Revidering av samla plan for soknet	AS
<p>Kviteseid sokn sine planar er lagt inn på nettsida ‘Kirka vår’ av vår organist Olav Holm. Som medlem av soknerådet, skal du ha fått tilgang til ‘Kirka vår’ <a href="https://plan.kirken.no/sokn">https://plan.kirken.no/sokn</a>. Om du ikkje har det, eller ikkje finn igjen mailen med dette på, så ta kontakt. Har du ikkje vore innom nettsida før, så ta ein runde. Til dømes er det lagt inn statistikk for mange år. Under <a href="#">Hvem vi er og hva vi vil, og Planlegging</a> ligg planane våre: <i>Kulturplan for Kviteseid sokn</i>, og <i>Lokal diakoniplan</i>. Trusopplæringsplanen ligg som tiltak under <a href="#">Aktiviteter</a>. (<a href="#">Gjeldande trusopplæringsplan</a> finn de samla på nettsida vår). Under ‘Les og skriv ut plan’ i ‘Kirka vår’ er det laga ein <a href="#">Beskrivelse av soknet og lokalsamfunnet</a>.</p> <p>Soknerådet arbeider med, og reviderer eventuelt planane</p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet har arbeidd med Samla plan for soknet og ...</p> <p><b>Handsaming under møtet:</b> Først: Mange har ikkje lukkast med å logge seg på på ‘Kirka vår’. Marit Sørby har oppskrift på pålogging - ho kan sende ut denne. (<i>Elles har kyrkjevevja og nå etter møtet bedt dei som står bak Kirka vår, om å sende oppskrift, mailadresse og passord ut til kvar enkelt på nytt.</i>)</p> <p>Prost Asgeir Sele leia soknerådet gjennom nettstaden ‘Kirka vår’, med hovudvekt på ‘Aktiviteter’, der alle aktivitetane til soknerådet er ført opp. Dei kan sorterast på mange måtar, etter aktivitet, aldersgruppe, kategori, tid m.m. Asgeir stilte soknerådet spørsmål som: <i>Kva ynskjer soknerådet å prioritera? Er det noko som ikkje fungerer godt i dag, eller noko som bør nedprioriterast?</i> Det vart gjeve tid til samtale rundt dette.</p> <p>Aktivitetar som vart nemnde, var mellom anna: <a href="#">Sundagsskulen</a> som er lite besøkt, <a href="#">Tårnagentar</a> og <a href="#">Lys Vaken</a> som blir arrangert annan kvart år, og som begge vart avlyst sist dei skulle vera, grunna få påmelde, og <a href="#">Frivilligfest</a> i vår som òg vart avlyst grunna få påmelde.</p> <p>Tankar i samband med dette:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har få unge familiar i kyrkja, og difor få born som kjem fast på sundagsskulen. Ofte er det born frå dåpsfamiliar som kjem.</li> <li>• Kva kan vi gjere for å trekke unge til kyrkja? Kan vi annonsere sundagsskulen betre? Kan vi lære noko av til dømes Fredheim som har mange ungar på sundagsskule? Kan vi ringe og invitera folk til sundagsskule? Vi må anten få ei avklaring om vi vil halde fram med sundagsskule, eller pøse på med ressursar og verkeleg satsa.</li> </ul>		

- Vi har mange forsamlingar i Kviteseid. Kan vi utfylle kvarandre? Kan vi sjå så stort på det at vi ikkje treng halda fram med sundagsskule ein periode, når det tilbodet er dekt hjå andre? Vi har få gudstenester der vi har sundagsskule og satsar heller på familiegudstenester. Vi treng eldsjeler for å drive sundagsskule. Kyrkja i Kviteseid har ikkje hatt godt fungerande sundagsskule på mange år.
- Alle tiltak for born og unge vi er med på i samarbeid med andre kyrkjelydar / forsamlingar, står oppførte på planen, til dømes Fredagsklubben som 4 forsamlingar står bak nå , Speidaren og Barnegospel. Med på lista er òg Idrettsgrupper på Kvitsund, som ikkje har nokon av forsamlingane/kyrkjene bak seg, men tilsette på Kvitsund og andre. Men det er og fleire aktivitetar som er opne og er eit tilbod til alle i rett aldersgruppe, som ikkje står på planen vår fordi vi ikkje er ein aktiv part. Dette gjeld til dømes Tweens-klubben og Unge Røyster, som begge er på Misjonshuset. Det kan vere godt å avklare om dei synest det er OK at vi tar dei med i oversikt over aktivitetar som vi årleg gjer kjende i Kyrkjebladet. Alt felles som Kyrkja er med på, bør ha ein enkel avtale i botn om kven som er ansvarlege for kva o.s.v.

Asgeir Sele tok òg opp saka med at Misjonshuset nå går over til å bli ei forsamling (kyrkjelyd), og oppmoda soknerådet til å sjå stort på det. Vi er alle forskjellige stillas som er med på bygging av Guds rike. Er det frå Gud, så skal ikkje vi motarbeide det. Det kan vere klokt å tenkje på kva for moglegheiter vi har for samarbeid.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet (SR) ber Trusopplæringsutvalet å utgreie moglegheit for å utvikle sundagsskulen, eller om den skal erstattast med noko anna. SR ynskjer òg å gå gjennom alle tiltaka vi har saman med andre, med tanke på å få til ei enkel samarbeidsavtale.

**SR-sak 22.24 FR**

**Delegeringsreglement**

**AS**

AU og kyrkjeverja har laga forslag til endringar i mal for Delegasjonsreglement.

Det delegasjonsreglementet må ikkje forvekslast med, og erstattast ikkje delegasjonsreglementet til kyrkjeverja, AU og PU som er vedtekne tidlegare. Dei ligg òg ved for ordens skuld. Elles har vi Trusopplæringsutval (TU), Diakoniutval, Kulturutval (KU), Gudstenesteutval og Redaksjonen for kyrkjebladet, samt fire kyrkjelydsutval som alle må få sine delegeringsreglement eller eigne punkt i samla reglement.

#### **Vedlegg:**

- *Forslag til Delegasjonsreglement Kviteseid sokn 2024*
- *Delegasjonsreglement kyrkjeverja*
- *Delegasjonsreglement for AU, PU og Kyrkjeverja 2024*

#### **Forslag til vedtak:**

Soknerådet vedtek det utarbeidde Delegasjonsreglement for Kviteseid sokneråd.

#### **Handsaming under møtet:**

AU hadde gått gjennom forslaget til Soknerådet sitt delegeringsreglement i sitt møte 18. april. Forslaget vart gjennomgått punkt for punkt. Noko vart korrigert, mens andre punkt var OK. Noko finskriving og avklaring står att. Tidlegare vedtekne delegasjonsreglement for AU, PU og

Kyrkjeverja, bør førast opp i same dokument, slik at soknerådet til ei kvar tid har eitt gjeldande reglement.

**VEDTAK:**

Soknerådet ber kyrkjeverja avklare dei punkta som står att, inkludere dei tidlegare vedtekne delegasjonsreglementa og leggje fram eit samla dokument til neste soknerådsmøte.

SR-sak 23.24 SR	Eventuelt	MS
<ol style="list-style-type: none"><li>1. Den norske kyrkja rullar no i mai ut ein kampanje for <b>‘Drop-in-dåp’</b>. Det er ikkje noko vi føler vi treng nå. Prestane er alltid på tilbodssida, og har alltid vore fleksible. Men vi presiserer at vi fyrst og fremst ynskjer dåp i samband med ei ordinær gudsteneste saman med kyrkjelyden.</li><li>2. <b>Vigsling av Sigrun Lønning Solvang til presteteneste i Kviteseid vert sundag 11. august.</b> (Ho startar i stillinga som sokneprest her den 1. august). 11. august var opphavelig oppført som frisundag for prest og andre tilsette. Frisundagen vert difor i staden 18. august. Denne endringa fører til at friluftsgudstenesta i Brunkeberg-området fell bort inntil vidare. Så må vi heller vurderer om ei anna gudsteneste i Brunkeberg kan haldast i friluft ein plass. Misjonshuset er bestilt til festsamvær den 11.august, men festen kan og bli til dømes på Kvitsund, der Sigrun har vore tilsett dei siste åra.</li><li>3. Trond Fjågesund hadde blitt kontakta av eit barnebarn til han som hadde hatt hovudansvaret for bygging av Fjågesund kyrkje som stod ferdig i 1916. Barnebarnet hadde eit skåp som bestefaren hadde laga. <b>Trond hadde fått spørsmål om kyrkja kunne vere interessert i dette skåpet.</b> Soknerådet stilte seg positivt til saka. Trond får fyrst tak i måla på skåpet, så ser vi om det kan finnast eigna plass i eit av sakristia, før vi takkar ja.</li></ol>		